



Lærer h.v.

## Elias Nordås,

Straumen i Rossfjord

døydde fredag fyre jol no var, 71 år gammel, etter eit langt sjukelege. E. Nordås var lærar i Lenvik i nesten 33 år frå 1888 til 1919, då han grunna sjukdom måtte slutta skulen og seinare søkje avskil.

Det var nok ikkje med lett hjarta han måtte leggja ned dette kjære yrke sitt. Han segjer sjøl i eit brev til meg, dagset 3. mars 1919: «Nu har den langvarige sjukdom tvunget mig til at legge årene ind, Gud vet om det er for bestandig. Jeg har enda sterk lyst til at få fortsette en tid. Tusind varme hilsener til alle kolleger».

Der går gjennom heile brevet hans ei varm lengting etter endå å få gjera noko godt i og for skulen, som for han var hans «hjertebarn».

E. Nordås var ein dugande lærar, som vi yngre såg op til og tok lerdøm av og fekk hjelp og rettleiding hos. Denne tiltru viste vi òg til han på den måten, at år etter år velte vi han til vår representant i skulestyret, til han vart vald til krinsformann av heradstyret. Som medlem av sk.st. sat han til han måtte slutte skulen. I dei siste åra har det ofte hvært skralt med helsa hans.

Her i skulestyret fekk han høve å visa sin varme hug for skulen og gjeva han ei studnad og framhielp, som skulen her i Lenvik på den tid trengte so vel, og som han har hatt godt av til no. Det var ikkje rare greierne med skulestellet i Lenvik på den tia for ein 35 år sia.

Av skulehus fanst berre eit, nemleg det gamle huset som stod i Bukkskinnavik, og som vart rive for ein 8 år sia. Då Nordås i 1903 vart vald fyrste gongen til sk.st. formann la han straks fram eit budsjett, som vakte strid: Løyving til nybygg av skulehus og auking av postane, skulematriel og inventar. Der vart strid, men det gjekk til so tilslut, at løyvinga vert gjeven, både av sk.st. og heradstyret. Op Nordås kom med same fremlegg i dei 6 år han sat som formann. Og nye hus vart bygd der husnauda var størst, og til skularne fekk vi litt kvar av det allerviktigste s.s. kart, veggtafler, plansjar, ymse hjelpebøker, skulepultar o.s.b. Og gleda hos oss var stor. No fekk vi fyrst ta til å arbeide syntes vi. Men det veit eg: ingen var gladare enn Nordås. Eg huksa vel endå, kor augo tindra og lyste av fryd, då han kunde fortelja oss om den og den ting han hadde fått til å «gå igjennem», i sk.st., heradstyre eller amtskulestyre. Men folk undrast lenge på, kva vi skulde med meterstokk, geometriske legemer, og til og med plansjer av menneskjekroppen med framsyning av mage og tarmar i skulen. Og mykje anna rart fekk vi høyre. Særleg var det no det, at vi vilde byggja desse kostbare husa til ein 2000 kr., når vi likegodt kunne skule i stoverne hos folk for so billeg ein ting som 5 kr. vika. Og i desse stuerne ha då alle hatt si oplering før og greidde seg so innerleg godt, og var endå meir «slu» enn deim, som no gjekk ut av skulen !

Men Nordås gav ikkje op for det. Og takk og ære skal han ha. Det gode optaket han hadde gjort, vart opteke av ettermannen hans som form. i sk.sty. med den same usvikjande styddnad av Nordås. Inntil Lenvik ha skulehus i mest alle krinsane sine, og kvar lærar eit bra tilfang med anskuelsesmidler og anna slikt.

Også på andre umkverv ha Nordås interesser og stod millom fremgangsmennerne. T. d. i ungdomsarbeidet, avhollsarbeidet, målsak, skogplanting, og som jordbrukar. Heima planta han furu, gran og lerke, som no står store og trivelege og vitnar oss om den trugne venen sin. Han var millom skiparne av avhollsalget i Straumen, som han og var formann av i mange år, og som har arbeid sers godt. Garden sin arbeide han op til eit mynsterbruk, som vi mange høyrde om.

Som alltid god norskdomsman arbeide han for norsken sin framgong og nasjonal framgong på alle leider. (Det var han som mil. a. arbeide fram namnet Straumen i Rossfjord istaden for Strømmen.) Og fleir slike ting. Nordås var ogso medlem i fleire år av Lenvik heradstyre og fleire andre komm. hvern Og allesteds la han ned eit godt og trutt arbeide, som vistnokk mange endå vil huksa av deim som arbeide i lag med han.

No er han ikkje meir, denne trugne skulemannen og varme og hjartegode arbeidsbroren. Vi er heller ikkje mange igjen etter han, vi av kollegarne, som nokre og tyve år ha den glede å få arbeide og stride i lag med han i og for skulen her i Lenvik.

Men i dei mange krinsar han har arbeid i, vil mange huske den gamle læreren sin med takk og signing for, kva han ofra av det beste i seg og gav deim av lerdom og opseding i dei tronge roma med dei små midlarne han ha å hjelpe seg og deim med. Og dei mange i styrane, som i so mange år ha han med seg i det ofte vanskelege arbeidet, vil nok huske han, roleg, sakleg og grundeg som han var og la fram sine meiningar, og som vart høyrte og som oftast fylgt.

Eg takkar han frå meg og yrkesbrørne for godt og trufast arbeid for skulen og i skulen i ei tung og trong tid. Og som ga skulen varande framvokster i bygda. Fred og signing fylgje minnet hans mellom oss og fremfarne slekter!

Elias Nordås var født i Vefsna i 1862 på gården Mosås og vaks op på Nordås. Foreldra hans var leiglendingar. Men ved flid og trotteg strev kunde dei late etter seg sopass medel, at dei to gutarne deira fekk koma seg på skule, Elias til Tromsø seminarium og broren på middelskule. Han reiste seinare til Amerika, der han straks etter døydde. Og so var Elias uten foreldre og sysken — åleine.

Frå Troms Seminar demiterte han i 1885. I 1886 vikarierte han i Vefsna, og kom om våren til Lenvik, først som vikar for så i 87 å få lærerposten Tårnelv, Andersdal, Finnfjordeid og Finnfjord. I 1893 fekk han so posten Straumen — Tårnelv, til i 1900 åra, då Straumen blei 3 delt, og han fekk varig post der. I 1891 vart Nordås gift med Gjertrud Johnsen, Straumen. De har hatt 9 born. Av disse lever 8, 7 gutter og 1 jente.

Av sønnene er 3 gifte, og 2 har eigna heimar. Den 3. bur på heimegarden. Kolmar Nordås har vorre og er lærar i faren sin post, Straumen. Ein annen av sønerne har gått på høgskulen i Trondheim eg er elektrikar, og ein tredje av sønerne er bileigar og sjaufør. Alle Nordås sine born er driftige, framtøkne og vyrda av alle.

«God arv det er for mannen av godtfolk vera født».

I. R.